



Til Lindås kommune  
v/ Astrid Sylta

14.01.2015

### Svar på høyringsbrev - Forslag til endring i barnehageloven og tilhøyrande forskrifter

Samarbeidsutvalet i Juvikstølen barnehage vil med dette gi innspel på høyringsbrevet vedkomande forslag til endringar i barnehagelova.

Samarbeidsutvalet ønskjer å gi innspel til § 18 Bemanning må være tilstrekkelig til at personalet kan drive ein tilfredsstillande pedagogisk verksemd.




I forslaget er regjeringa villig til å presisere kravet til dokumentasjon og vurdering ved å endre §2 i barnehagelova. Samstundes har høyringa til endring i barnehageloven ikkje med noko krav til minimumsbemanning. Barnehagane får stadig høgare kvalitetskrav, samstundes som tilsette pr barn vert redusert i budsjetta.






































Vi ser og at opningstidene er lengre, det blir fleire småbarn og fleire fleirspråklige. Vi meiner det er nødvendig å lovfeste ei bemanningsnorm fordi vi ser at fleire kommunar kutter i barnehagebudsjetta. Denne utviklinga har auka etter at barnehagemidlane gjekk frå å vere øyremarka til å bli ein del av kommunen si totale ramme.

#### Døme på bemanning:

Barnehagen sine opningstider har auka og samstundes ser vi ofte at antal barn på avdelingane aukar. Dette gjer vaksentettleiken lågare. Figuren under syner at berre ein liten del av dagen er alle tilsette til stades på jobb.

Døme viser bemanninga på ei avdeling med 14 barn ( 28 plassar) og 4 tilsette.

	Ikkje tilstades
	Tilstades
	Pause eller ubunden tid ( planlegging)

Arbeidstid.	07.00	08.00	09.00	10.00	11.00	12.00	13.00	14.00	15.00	16.00	17.00
Pedagog 07.00-13.45											
Assistent 1 7.30-15.00											
Assistent 2 8.30-16.00											
Førskulelærer 10.00- 17.00											

Barnehagen er open 10 timar kvar dag. Personalet arbeider 7,5 timer. Alt pedagogisk personale har 4 timer planleggingstid kvar veke. Dømet ovanfor viser at ei avdeling berre har 4 vaksne i deler av dagen. Som her vist frå kl. 10 – 11 og frå 13.00-13.45. Dvs. 1 ¾ timer. I dette tidsrommet skal ein og avvikle interne og eksterne møter mm. Som figuren viser er det og deler av dagen då ein berre er 1 tilsett tilstades på avdelinga.

Med lengre opningstid og auka barnetal vert vaksentettleiken redusert og det vert mindre tid til å sjå og gi omsorg til det einskilde barnet. På småbarnsavdelingane er dette viktig t.d. då dei minste ikkje alltid kan uttrykke seg sjølve og personalet difor må ha tett kontakt med den



einskilde for å sjå behova. Å sjå det einskilde barnet og ha tid til omsorg og samhandling er og spesielt viktig i ein fase av livet der forskning viser at tilknytning er ein viktig del av utviklinga.

Samstundes som aldersnivået på småbarnsavdelingane har gått ned har vi og ein auka andel minoritetsspråklege barn. Desse utløyser inga ekstra ressurs, men rammeplanen er tydeleg i krava:

Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver krev blant anna at barnehagen skal syte for å

- integrere barnet i det sosiale og kulturelle fellesskapet
- støtte barnet si heilskaplege utvikling basert på eigne føresetnader
- støtte dobbel kulturtilhørighet
- skape eit språkstimulerande miljø
- støtte at barnet bruker sitt morsmål
- arbeide aktivt med å fremje barnet si norskspråklige kompetanse

Fakta: ( artikkel Udir 15.9.14)

I 2013 gjekk 37 894 minoritetsspråklege barn i norsk barnehage. Det er 12 % av alle barnehagebarn, og er ein auke frå året før.

77 % av alle minoritetsspråklege barn mellom 1 og 5 år går i barnehage. Til samanlikning går 90 % av alle barn i Norge mellom 1 og 5 år i barnehage.

Kort sagt er konsekvensen av auka barnetal på avdelingane

-lågare vaksentettleik som gir dårlegare grunnlag for kvalitet.

Samstundes som ein aukar barnetalet og vaksentettleiken vert redusert, har

- aldersnivået på småbarnsavdelingane gått ned
- andelen minoritetsspråklege gått opp
- krava til barnehagens innhald auka
- barnehagen si opningstid auka.

Ved og å vise til St.m 24 « Framtidas barnehage» , kap.6 Bemanning og barnegruppa, som seier:  
*Kravet til bemanning sees i samanheng med utvalet sitt forslag om ein betre norm for den pedagogiske bemanninga enn i dag, som til saman sikrar minst 50% pedagogar i barnehagen.*  
Forslaget er begrunna med forskning og bemanningstradisjonar i Noreg.

Samarbeidsutvalet i Juvikstølen barnehage meiner difor at krav om minimumsbemanning i barnehagen, jf. NOU 2012 « Til barnas beste», bør vere ein del av ny barnehagelov. Å lovfeste kor mange vaksne og kor mange barnehagelærarar det skal være i barnehagen, sikrar barna meir kvalitetstid i barnehagen.

Med helsing

Samarbeidsutvalet i Juvikstølen barnehage

*Sølvi Storsæter Bjørgum*

v/leiar Sølvi Storsæter Bjørgum

Til Lindås kommune  
v/ Astrid Sylta

14.01.2015

### **Svar på høringsbrev - Forslag til endring i barnehageloven og tilhørende forskrifter**

Vi har gått gjennom høringsbrevet vedkomande forslag til endringar i barnehagelova og sender her kommentar til høyringa.

Kommentar til § 18 Bemanning må være tilstrekkelig til at personalet kan drive ein tilfredsstillande pedagogisk verksemd.




I forslaget er regjeringa er villig til å presisere kravet til dokumentasjon og vurdering ved å endre §2 i barnehagelova. Samstundes har høyringa til endring i barnehageloven ikkje med noko krav til minimumsbemanning. Barnehagane får stadig høgare kvalitetskrav, samstundes som tilsette pr barn vert redusert i budsjetta.

Vi ser og at opningstidene er lengre, vi har fleire småbarn og fleire fleirspråklige. Vi meiner det er nødvendig å lovfeste ei bemanningsnorm fordi vi ser at fleire kommunar kutter i barnehagebudsjetta. Denne utviklinga har auka etter at barnehagemidlane gjekk frå å vere øyremarka til å bli ein del av kommunen si totale ramme.

#### **Døme på bemanning:**

Barnehagen sine opningstider har auka og samstundes ser vi ofte at antalet barn på avdelingane aukar. Dette gjer vaksentettleiken lågare. Figuren under syner at berre ein liten del av dagen er alle tilsette til stades på jobb.

Døme viser bemanninga på ei avdeling med 14 barn( 28 plassar) og 4 tilsette.

	Ikkje tilstades
	Tilstades
	Pause eller ubunden tid ( planlegging)

Arbeidstid.	07.00	08.00	09.00	10.00	11.00	12.00	13.00	14.00	15.00	16.00	17.00
Pedagog 07.00-13.45	Blue	Blue	Blue	Blue	Yellow	Blue	Blue	White	White	White	White
Assistent 1 7.30-15.00	White	Blue	Blue	Blue	Yellow	Blue	Blue	Blue	Blue	White	White
Assistent 2 8.30-16.00	White	White	Blue	Blue	Blue	Yellow	Blue	Blue	Blue	Blue	White
Førskulelærer 10.00- 17.00	White	White	White	Blue	Blue	Blue	Yellow	Blue	Blue	Blue	Blue

Barnehagen er open 10 timar kvar dag. Personalet arbeider 7,5 timer. Alt pedagogisk personale har 4 timer planleggingstid kvar veke. Dømet ovanfor viser at ei avdeling berre har 4 vaksne i deler av dagen. Som her vist frå kl. 10 – 11 og frå 13.00-13.45. Dvs. 1 ¾ timer. I dette tidsrommet skal ein og avvikle interne og eksterne møter mm. Som figuren viser er det og deler av dagen då ein berre er 1 tilsett tilstades på avdelinga.

Med lengre opningstid og auka barnetal vert vaksentettleiken redusert og det vert mindre tid til å sjå og gi omsorg til det einskilde barnet. På småbarnsavdelingane er dette viktig t.d. av di dei minste ikkje alltid kan uttrykke seg sjølve og personalet difor må ha tett kontakt med den



einskilde for å sjå behova. Å sjå det einskilde barnet og ha tid til omsorg og samhandling er og spesielt viktig i ein fase av livet der forskning viser at tilknytning er ein viktig del av utviklinga.

Samstundes som aldersnivået på småbarnsavdelingane har gått ned har vi og ein auka andel minoritetsspråklege barn. Desse utløyser inga ekstra ressurs, men rammeplanen er tydeleg i krava:

Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver krev blant anna at barnehagen skal syte for å

- integrere barnet i det sosiale og kulturelle fellesskapet
- støtte barnet si heilskaplege utvikling basert på eigne forutsetningar
- støtte dobbel kulturtilhørigheit
- skape eit språkstimulerande miljø
- støtte at barnet bruker sitt morsmål
- arbeide aktivt med å fremje barnet si norskspråklige kompetanse

Fakta: ( artikkel Udir 15.9.14)

I 2013 gjekk 37 894 minoritetsspråklege barn i norsk barnehage. Det er 12 % av alle barnehagebarn, og er ein auke frå året før.

77 % av alle minoritetsspråklege barn mellom 1 og 5 år går i barnehage. Til sammenlikning går 90 % av alle barn i Norge mellom 1 og 5 år i barnehage.

Kort sagt er konsekvensen av auka barnetal på avdelingane

-lågare vaksentettleik som gir dårlegare grunnlag for kvalitet.

Samstundes som vi aukar barnetalet og vaksentettleiken vert redusert, har

- aldersnivået på småbarnsavdelingane gått ned

- andelen minoritetsspråklege gått opp

- krava til barnehagens innhald auka

- barnehagen si opningstid auka.

Ved og å vise til St.m 24 « Framtidas barnehage» , kap.6 Bemanning og barnegruppa, som seier:

*Kravet til bemanning sees i samanheng med utvalet sitt forslag om ein betre norm for den pedagogiske bemanninga enn i dag, som til saman sikrar minst 50% pedagogar i barnehagen.*

Forslaget er begrunna med forskning og bemanningstradisjonar i Noreg.

Vi meiner difor at krav om minimumsbemanning i barnehagen, jf. NOU 2012 « Til barnas beste», bør vere ein del av ny barnehagelov. Å lovfeste kor mange vaksne og kor mange barnehagelærarar det skal være i barnehagen, sikrar barna meir kvalitetstid i barnehagen.

Med helsing

Mona Hagewick - einingsleiar kommunale barnehage

Christine Teigland - styrar Juvikstølen barnehage

Kate Klementsén - styrar Haugen barnehage

Hanne Haukås - styrar Kolås barnehage

Til Lindås Kommune

Frå Samarbeidsutvalet ved Kolås Barnehage

08.01.2015

*Svar på høringsbrev - Forslag til endring i barnehageloven og tilhørende forskrifter*

Samarbeidsutvalet (SU) ved Kolås Barnehage har lest gjennom høringsbrev med forslag til endringar i barnehageloven. I denne forbindelsen ønskjer SU kommentera på høringsnotat.

SU ved Kolås Barnehage har ingen kommentarar til endringane som departementet forslår.

Derimot ønskjer SU ved Kolås Barnehage å kommentere på § 18 *Bemanning må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet.*

Barnehagelova seier ikkje noko om kva «tilstrekkelig bemanning» er og let det vera opp til kvar enkelt barnehagen og kommune å velje kva som er tilstrekkelig. SU ved Kolås Barnehage meiner at det i barnehagelova må vera eit spesifisert minste krav til bemanning. Det bør vera tydelige grenser for kva som er «tilstrekkelig bemanning». Det bør ikkje vera opp til barnehagen eller kommunen å fastsetja kva som er tilstrekkelig. I første omgang vil dette då bli styrt av økonomien både i barnehagen og i kommunen. Sparetiltak vil alltid føre til at det ikkje vil vera nok bemanning. Det skal ikkje vera opp til økonomien å avgjera kva som er tilstrekkelig bemanning.

Per i dag meiner SU i Kolås barnehage at er det for stort antal barn per vaksen på alle avdelingane i Kolås.

Det er mange årsaker til å sikre at det er nok personale til ein kvar tid i barnehagen. Eit viktig aspekt er helse, miljø og sikkerhet. Dersom det skulle oppstå til dømes ein brann i bygningen må det vere nok personell til å klare og evakuera alle barna. Ved skader på enten barna eller personell må det vere nok vaksne til å kunne handtera situasjonen. Det må vera nok personell til å oppdaga leik som kan føre til farleg utfall, sjølv når nokon av dei vaksne må gå for å stella eit av dei andre barn eller gjere ei av dei mange andre oppgåver dei har i løpet av dag.

Hovudfokus for personalet er til ein kvar tid å ta seg av barna. Utan om dette er det mange andre oppgåver som skal utførast. Kjøkkenteneste, reinhald av leiker, handling av matvarer, foreldresamtaler, foreldrekontakt og månadsbrev er nokon av desse ut oppgåvene som skal utførast utanom det å ta seg av barna. I tillegg har dei tilrettelegging og tilpassing av barn med ekstra behov til dømes barn under eit år som ikkje kan gå, framandspråklige og andre særskilte behov. Ved for få personale vil dette føre til stort press på arbeidsplassen der dei heile tida må gå på akkord med seg sjølv og kjenne på det å ikkje strekka til å nå alle barna. Personalet er heile tida nøydt til å prioritere og velje i situasjonar der det burde vore nok vaksne. Summen av dette føre til stort arbeidspress på personalet som igjen kan føre til stress og sjukemeldingar.

Personalet er barnehagen si viktigaste ressurs, og deira samspel med barna gjev barnehagen eit konkret innhald og kvalitet. Utan rom for tilstrekkeleg tid og merksemd til det enkelte barn vil det vera vanskelig for barnehagen sitt personale å kunne hjelpa barna til ei god utvikling og læring. For personalet er det i dag så stort arbeidspress at dei knapt rekk å ete lunsj eller ha eit sosialt miljø på arbeidsplassen sin. Det er heller ikkje tilstrekkelig tid til å ha møter for avklaringar og å få ei felles forståing om arbeidsoppgåvene. Kolås barnehage er i den situasjonen at den eine avdelinga er fysisk skilt frå dei to andre avdelingane med ein avstand på ca. 2,1 km frå parkering til parkering. Dette fører òg til at det er vanskelig å samarbeide på tvers avdelingane ved å bruka personalet på fleire avdelingar.

Det er viktig at barnehagen er opptatt av å utvikle en arbeidsplass der personalet trivs, er trygge og føler seg ivaretatt og støtta, slik at stressnivået hjå personalet er lågt. Høgt stressnivå vil føre til auka fråvær og vil virke negativt inn på etableringa av gode relasjonar mellom personalet og barna. Antall personell viser generelt ei samanheng med barna sitt aktivitetsnivå. I grupper med mange vaksne deltar barna i fleire og ulike typar aktiviteter. Ved få ansatte er det mindre muligheit for samtale og samspel mellom barn og vaksen, og konsekvensen blir ofte einvegskommunikasjon. Pedagogane må ha tilstrekkeleg tid og anledning til å vurdere kvar kvart enkelt barn er i si utvikling. I ei stor barnegruppe vil ikkje pedagogane kunne ha tilstrekkelig overblikk og muligheit til og gje enkeltbarn tilstrekkelig merksemd, noko som vil kunne føra til at barn som trenger hjelp og støtte i leiken blir passive og blir ståande utanfor fellesskapet.

I frå foreldra si side forventar dei at barna blir forsvarleg tatt hand om og at det alltid er tilstrekkeleg bemanning til å ta seg av barna. Dei forventar at personalet har tid til å ta seg av alle og klarer å vera til stades i alle situasjonar. Foreldra forventar at barnehagen skal oppfylle faglige og samfunnsmessige kriterier for kva som er en god barnehage og til ei kvar tid gjere det som er til barna sitt beste.

For foreldra er det viktig med ein gjensidig og varm kommunikasjon mellom foreldre og personale. Denne kommunikasjonen vil ha ei positiv effekt på barnet si trivsel og korleis barnet fungerer i barnehagen. Dagleg kontakt og uformell småprat om barnet og kva det har gjort gjer ein viktig base for foreldresamarbeidet. Ved levering og hentesituasjonen dreier samarbeidet seg mest om å overlevere til foreldra informasjon om korleis barnet har hatt det i barnehagen i løpet av dagen. Denne informasjonen er viktig for at foreldre skal oppretthalde tillit til personalet (føle at deira barn er blitt sett og tatt vare på osv). Dette er òg viktig for å kunne snakke med barnet om dagens hendingar og for å forstå barnets kvifor barnet er lei seg/sliten osv dersom der har vore episodar i løpet av dagen. For barn med ekstra behov for oppfølging er det endå viktigare at ein får all informasjon frå dagen. For lite personell fører til at denne kommunikasjonen blir svekka. Ved levering/henting har ikkje dei ansatte tid til og gje den informasjonen foreldra treng. Når ein som foreldre får for liten informasjon om barnet og dagen deira er det vanskelig å ha tillit til barnehagen og dei ansatte.

Like viktig som kommunikasjonen ved levering/henting er arbeidet dei gjer med månadsbrev, foreldresamtalar og liknande. Ved lite personell er dette ein av dei første stadene foreldra merker svekking. Dette er rett og slett ikkje tilstrekkeleg tid til å få utført dette arbeidet. Liten bemanning fører til at månadsbrev ikkje blir sendt ut og foreldresamtalar ikkje blir halden utan ved særskilde behov.

Det enkelte barn har størst utbytte av å gå i barnehagar med høg kvalitet, blant anna når det gjelder språkutvikling, sosial kompetanse og vennsksapsrelasjonar. Kvaliteten på det som til dagleg går føre seg i barnehagen er avgjerande for korleis barna trivs og utviklar seg i barnehagen. Barna er avhengig av at dei vaksne er tilgjengelige når dei har behov for hjelp. Ved for få vaksne tilgjengeleg kan dette føre til usikkerhet og utrygg tilnærming hjå barna og barna kan føle seg tilsidesett. Antall barn per vaksen har derfor ein vesentleg betydning for barna sitt utbytte av barnehagen.

Stabilitet i omsorga og relasjonane er svært viktig for barna si utvikling. Den stabilitet får barna ut i frå personalet si kompetanse og rammene dei arbeider under, blant anna ved antal barn på avdelinga, antal barn per vaksne og dei ansatte sitt arbeidsforhold. Fornøgde ansatte kan fokusera på barna og ikkje la andre saker ta vekk fokus.

Forsking har vist at muligheitene for at de yngste barna skal kunne etablere ei god relasjon til personalet er relatert til antal barn per ansatt. Der det var få barn per ansatt, var samspelet med barna preget av sensitivitet og fleire og meir nyanserte responsar på det barna uttrykte. Dei ansatte var i tillegg meir omsorgsfulle og hadde større variasjonar i aktiviteter og var meir oppmuntrande overfor barna. Interaksjonen og samspelet mellom barna og den vaksne ble betre da forholdstalet ble endra. Små avdelingar med mange vaksne verka beskyttande for dei aller yngste barna

For å få gode relasjonar mellom personalet og kvart enkelt barn krev det ei viss frekvens av interaksjonar mellom dei. Dette betyr at personalet i barnehagen må sikre tilstrekkeleg kontakt med kvart enkelt barn, samtidig som det tar hand om hele barnegruppa.

Barnehageloven gjev føringar for korleis samarbeidet mellom foreldra og barnehagen skal vere. Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnet sitt behov for omsorg og leik, og fremma læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. § 1, og hjelpa heimen i deira omsorgs- og oppdragsoppgåver og på den måten skapa eit godt grunnlag for barna si utvikling, livslange læring og aktive deltaking i eit demokratisk samfunn, jf. § 2. For å sikre samarbeidet med heimen så er det avgjerande at barnehagen har tilstrekkelig bemanning.

Barnehageloven skal først og fremst ivareta barna sine behov og interesser.

Ved alle handlingar som vedgår barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjonar, domstolar, administrative myndigheter eller lovgjevande organ, skal barnet sitt beste vera eit grunnleggande omsyn.

Det blei framheva i forarbeida til barnehageloven, jf. Ot.prp. nr. 72 (2004–2005), at barn ikkje er ei brukargruppe som kan utøve brukarmakt i vanlig forstand. Det er derfor nødvendig å stille særskilte krav til utforminga av barnehageloven, slik at den inneheldt mekanismar som sikrar eit best mogelig tilbod for barna og er til beste for barnet, jf. FN's barnekonvensjon.

Omsynet til barnets beste skal alltid komme i første rekkje, veia tungt, og i dei fleste tilfella vere avgjerande for dei slutningane som blir tatt. Vidare fører prinsippet om barnets beste ei forutsetning om at kommunen gjer sitt yttarste innanfor sine tilgjengelige ressursar for å ivareta barna sine interesser. Dersom barnet sitt beste, eller omsyn til ei gruppe barn, må vike i ein bestemt situasjon, må kommunen kompensere for dette i form av alternative handlingar eller planar. Det bør komme tydelig fram av saksdokumenta at det faktisk har vore vurdert om ei sak vedkjem barna. Vidare bør det òg framkomma kva barnet sitt beste har vore og at det har vore lagt stor vekt på dette i vedtaksprosessen.

For å forhindre at omsynet til barnet sitt beste ikkje berre skal bli eit luftig formål som ikkje blir gitt eit konkret innhald i bruk av regelverket, er det viktig at dette omsynet blir tatt med ved utforminga av oppdatert regelverk.

Barna si sikkerhet og velferd kan komme i fare dersom barnehagetilbod ikkje blir driven innanfor lova sine rammer. Dette vil særleg gjelde der kommunen ikkje sørgjer for å ivareta plikta til å sikre god kvalitet i barnehagetilbodet. Det kan førekomme alvorlige ulykker i barnehagar der bemanning ikkje er tilstrekkelig i forhold til antalet barn.

På bakgrunn av dette bør det vere til barnet sitt beste å lovbestemme antalet vaksne per barn og ikkje la det vere opp til den einkilde kommune å fastsetje kva som er tilstrekkeleg bemanning. SU i Kolås meiner at det på småbarnsavdeling bør vera 3 barn pr. vaksen og på stor avdeling bør vera 6 barn pr. vaksen.

Med vennleg helsing

SU ved Kolås Barnehage



Uttalelse til " Høring om endringer i Barnehageloven og tilhørende forskrifter"

Publisert 18.11.2014 med frist 19.01.2015.

På vegne av Samarbeidsutvalget i Haugen Barnehage, Lindås kommune,

Leder Trine C. J. Lie

I pkt 6.7 om Barnehagelovens §7 står det om eiers ansvar:.

"Barnehageeier er ansvarlig for å ansette eller på annen måte skaffe tilgang til nødvendig og tilstrekkelig personale med relevant kompetanse, og til å stille tilstrekkelige ressurser til disposisjon slik at praksisen når det gjelder bruk av verktøy og observasjonsmetoder i den enkelte barnehage oppfyller regelverket."

Dette er eneste stedet bemanning kommenteres i notatet.

Spørsmålet er hva den enkelte kommune vil definere som "tilstrekkelig personale". Kravet til bemanning fremstår marginalt og udefinert i dette notatet. Vi som foreldre blir bekymret for hvordan personalet i barnehagen skal rekke over alle de viktige oppgavene som tilfaller dem dersom de er for få. Vi har allerede opplevd nedbemanning i barnehagene i Lindås som følge av kommuneøkonomi. Selv om det er vanskelig å måle i ettertid, mener vi at tilbudet for våre barn er redusert i forhold til hva det var før nedbemanningen. Arbeidet med de tidskrevende målsetningene under hhv § 1 og § 2 om barnehagens formål og innhold, hvor individuell tilrettelegging er fundamentalt på alle områder, kan måtte vike plass i en ellers presset kommuneøkonomi så lenge det er opp til kommunen selv å definere behovet. Det snakkes i den politiske offentlighet med store ord om blant annet tidlig innsats, gratis kjernetid for minoritetsspråklige, tiltak mot mobbing allerede i barnehagen. De første leveårene er som kjent en sårbar periode for barns psykososiale utvikling hvor blant annet empati, respekt for andre og identitet utvikles. Da barn begynner på skolen allerede som 5-6. åringer, blir oppnåelse av målsettingene særdeles viktig. Det er kjent at det er store forskjeller i utviklingstrinn og modenhet blant førskolebarn, noe som utløser ytterligere behov for individuell oppfølging. I følge notatet skal nye verktøy for rapportering sørge for at behov kartlegges og rapporteres. Men uten nok personale er disse verktøyene verdiløse.

Vi er sterkt bekymret for at utvikling av sosiale ferdigheter, positiv voksenkontakt, grunnleggende språkopplæring og forsterket språkopplæring for de som har sen språkutvikling vil rammes av trange kommunebudsjetter. Dersom det ikke stilles konkrete krav til bemanningen, er bekymringen vår at barnehagen kan bli et sted hvor oppbevaring av barn og rapportering blir dens viktigste funksjoner. Det kan også medføre store interkommunale ulikheter i kvaliteten på tilbudet.

Barnehagen er i motsetning til skolen ikke obligatorisk. Likevel går det overhengende flertallet av barn i alderen 1 – 5 i barnehage. De politiske signalene tyder på at dette er en ønsket situasjon (Jfr. Debatten om kontantstøtte og deltid/ fulltidsarbeid). Når det offentlige på denne måten tar på seg ansvaret for landets barn i en slik sårbar periode og i så mange timer i døgnet, må de sørge for at kvaliteten er tilstrekkelig for å oppnå målene i barnehageloven og at barna er rustet til å møte de utfordringer en fremtidig skolehverdag og livet i sin helhet vil by på.

